66. [1] Tone: I Rosenlund under sagas hall

1.
Den heilage jol attenda kjem
Med signing med ljos aa gleda
Hytta aa hus aa kvart einast heim
Med himlens heilegdom freda
Jolegleda aa jolefred
Gaavor fraa Gud vor frelsar
Ævleg hugna med menneskje
Soleis englane helsar

2.
Heilage jol hev noko sers
Aa bringa til hus aa hytta
Kjem att aa tonar paa jolevers
Aa borni er huga aa lytta
Eit lite badn so lysteleg
Er født for os aa berja
Unge aa gamle gleda seg
Himlen vil sjelene verja.

3.
Heilage songen fraa Betleheim
Skal ljoma fraa fjell aa tinnar
Songjen fraa Himlen yndefull rein
Um Jesus vor frelsar minnar,
Himmelsk dogg i hjartorna renn
Trui faar stærka røte
Elskjen til Jesus livleg brenn
Slike stundar er søte.

4.
Skal joli verta ei signa jol
Aa hjartegleda os gjeva
Me lauga od maa i naadens sol
I Jesus vandra aa leva
Daa fyrst me eiga kraft aa mot
Al synd aa vondskap hata
Daa faar ein smaka Gud er god
Aa sund i aa forlata.

---

1 Ref: Foto Bj_s110.TIF